



Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/7517-1

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
 Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei, offentleg høyring i perioden 26.10.–23.11.16.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, og gjennom høyringsvedtaket signaliserer at prosessen for å realisere Vestlandsregionen held fram, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune med andre fylkeskommunar.

Vedlegg:

1. Intensjonsplan for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.
2. Referat frå forhandlingsmøte I 18.-19.08.16 (Solstrand Hotel, Os).
3. Referat frå forhandlingsmøte II 01.-02.09.16 (Sola Strand Hotel, Sola).

Andre relevante dokument (som ikkje ligg ved):

1. Felles forventningsbrev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (15.03.2016).
2. Fylkesordføraren sin førespurnad til Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal (19.01.2016).
3. Fylkestingssak 65/15, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma».
4. Fylkesutvalssak 35/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma – status og framdrift».
5. Fylkestingssak 24/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Framtidig Vestlandsregion – status organisering og framdrift».
6. Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver».
7. Meld. St. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
8. Fylkesordførarkolleget si faggruppe (2014): «Oppgavefordeling ved en kommune- og regionreform».
9. Regjeringa sitt ekspertutval (2014): «Kriterier for god kommunestruktur».

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Forhandlingsutvala i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar er samde om ein intensjonsplan for ein Vestlandsregion. Fylkesrådmannen gjer i denne saksutgreiinga greie for prosessen og forhandlingane mellom forhandlingsutvala, og utdjupar kort innhaldet i intensjonsplanen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga etter at det er gjennomført ei offentleg høyring av planen hausten 2016. Fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å leggje intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentleg høyring i perioden 26.10.–23.11.16. Høyringsinstansane bør omfatte statlege, regionale statlege og kommunale styresmakter samt andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar. Fylkestinget bør leggje til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, og gjennom dette høyringsvedtaket signaliserer at prosessen for å realisere Vestlandsregionen held fram, rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet får fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere mulege nye regionløysingar.

2. Bakgrunn for saka

Regionreforma – frå nabosamtalar til strukturvedtak

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av Meld. St. 14 (2014–15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» vart fylkeskommunane 02.07.15 inviterte til å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med nabofylke. Fylkeskommunane vart oppmoda om å starte nabosamtalane, og til å gjøre vedtak om strukturendringar hausten 2016. Regjeringa la 05.04.16 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver». Regjeringa tek her utgangspunkt i at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Meldinga understrekar behovet for ein heilskapleg forvaltningsstruktur for utvikling og vekst i heile landet, og ei sentral målsetjing er betre samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå. Regionane bør omfamne større funksjonelle område som betre samsvarer med samfunnsutfordringane eit regionalt folkevalt nivå skal løyse.

Stortinget handsama meldinga 08.06.16, og stadfesta at det er fleirtal på Stortinget for at det frå 01.01.2020 skal vere om lag 10 folkevalde regionar i Noreg. Stortinget bad regjeringa setje ned eit nytt ekspertutval som skal føreslå nye oppgåver til regionane når den nye regionstrukturen er fastlagd. Det skal leggjast fram ein samla proposisjon om nye oppgåver og ansvar til nye folkevalde regionar våren 2017, samtidig med framleggelsen til ny regionstruktur.

Stortinget bad vidare regjeringa syte for at administrasjonen av fylkesvegnettet (sams vegadministrasjon) vert underlagt dei nye folkevalde regionane. Stortinget bad også regjeringa styrke det regionale nivået si rolle i integreringsarbeidet. Dette inneber m.a. handtering av sysselsetting, utdanning og kompetanseheving, samt ei sentral rolle som bindeledd mot kommunar, næringsliv og frivillig sektor. Stortinget støtta at regioninndelinga i større grad skal samsvare med dagens bu- og arbeidsmarknadsregionar, og at større regionar skal vere den leiande drivkrafta for regional utvikling. Regionane får ei forsterka rolle innan samfunns- og arealplanlegging, klima og miljø, folkehelse, kultur, ressursforvaltning og næringsutvikling.

Regjeringa skal gjennomgå dei statlege regioninndelingane (mellom anna fylkesmannsstrukturen) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået. Samanslåingar som vert vedtekne av Stortinget skal

tre i kraft 01.01.20, og den politiske samansetjinga i dei nye einingane vert avgjorde gjennom kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019.

Regionreforma i Sogn og Fjordane – frå initiativ til forhandlingar

I Sogn og Fjordane vedtok fylkestinget 09.12.15 eit initiativ til at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skulle greie ut ein handlekraftig, folkevald region på Vestlandet. Fylkesordføraren sende på denne bakgrunn ut ein førespurnad til dei tre fylkeskommunane 19.01.16, der det vart invitert til nabosamtalar. Rogaland og Hordaland fylkeskommunar valde å gå inn i eit felles utgreiings- og forhandlingsarbeid med Sogn og Fjordane. Fylkesordføraren i Møre og Romsdal slo seinare i møte med fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 29.06.16 fast at fylkestinget der, med bakgrunn i inntektssystem, folketal/folketalsutvikling og dei førespeglia framtidige regionoppgåvene, ikkje ser behov for samanslåing for å kunne levere gode tenester og drive god samfunnsutvikling.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane etablerte 18.04.2016 ei politisk styringsgruppe og eit forhandlingsutval som skulle forhandle på vegne av fylket i den vidare drøftinga for ein intensjonsplan for ein ny region. Styringsgruppa består av fylkesutvalet supplert med representantar frå Miljøpartiet Dei Grøne, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti. Forhandlingsutvalet vart samansett av fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar, ein representant frå «den politiske opposisjonen» i fylkestinget, ein tillitsvaldrepresentant og fylkesrådmannen. Forhandlingsutvalet fekk som mandat å forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion saman med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.

Fakta: Milepelar i regionreformprosessen

14.05.14	Kommuneproposisjonen for 2015 vart lagt fram for Stortinget. I ein eigen meldingsdel presenterte regjeringa rammene for kommunereforma.
18.06.14	Stortinget vedtok: «Stortinget ber regjeringen gjennomgå oppgavene til fylkeskommunene/et regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Dette kan gjøres med utgangspunkt i en sammenstilling fra tidligere utredninger. Stortinget imøteser en melding til Stortinget om dette våren 2015.»
03.07.14	Regjeringa gav fylkesmennene i oppgåve å ta ei sentral rolle i gjennomføringa av kommunereforma, men ikkje i regionreformdelen.
18.08.14	Kommunal- og moderniseringsdepartementet starta eit utgreiingsarbeid av eit regionalt folkevalt nivå som del av kommunereforma.
01.12.14	Regjeringa sitt ekspertutval la fram sluttrapporten om kriterium for god kommunestruktur.
05.12.14	Fylkesordførarkolleget og KS sitt hovudstyre (12.12.14) vedtok samstemde uttalar i høve oppgåvefordeling m.m. ved ei ev. regionreform basert på eigne utgreiinger.
20.03.15	Regjeringa: St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
12.05.15	Kommuneproposisjonen for 2016 vart lagt fram for Stortinget.
02.07.15	Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende ein formell invitasjon til alle fylkeskommunar om å ta del i kommune- og regionreformprosessen.
09.12.15	Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok å starte dialog med tre andre vestlandsfylke.
01.03.16	Fylkestinget i Rogaland vedtok å starte dialog med vestlandsfylka (og Agder-fylka).
09.03.16	Fylkestinget i Hordaland vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke.
15.03.16	Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland: Felles forventningsbrev knytt til framtidig oppgåvestruktur til kommunal- og moderniseringsdepartementet.
05.04.16	Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver».
18.04.16	Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde forhandlingsutval og styringsgruppe.
26.04.16	Fylkestinget i Rogaland oppnemnde forhandlingsutval og styringsgruppe.
09.05.16	Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland la fram status i region-

	reformarbeidet for Stortinget sin Kommunal- og forvaltningskomité.
14.06.16	Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vedtok tema for intensjonsplanen.
29.06.16	Sonderingsmøte mellom fylkesordførarane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.
18.-19.8.16	Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland i forhandlingsmøte I.
23.08.16	Fellesmøte for politiske styringsgrupper frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
01.-02.9.16	Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland i forhandlingsmøte II.
14.-15.8.16	Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland i forhandlingsmøte III.
18.10.16	Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsamar intensjonsplan for samanslåing.

3. Intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion

Felles forventningsbrev frå fylkesordførarane – grunnlag for felles aktivitetar

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland orienterte 15.03.16 Kommunal- og moderniseringsdepartementet samt Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité, i eit eige forventningsbrev, om at det var innleia drøftingar for å sjå på mulegheiter og utfordringar ved ei samanslåing. I brevet vart det orientert om vedtak og status i fylka, samt at ein hadde starta planlegginga av ein vidare politisk prosess fram mot ein intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion.

Fylkesordførarane varsla gjennom forventningsbrevet at dei tre fylkeskommunane stiller tydelege krav om overføring av nye samfunnsoppgåver dersom ei regionreform skal ha noko føre seg. Brevet signaliserte at det vert sett som vilkår at Stortinget vedtek ei reform der det regionale folkevalde nivået får eit betydeleg ansvar for både utviklingsorienterte oppgåver og oppgåver innretta mot tenesteyting.

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland heldt 09.05.16 ei felles innleiing under Kommunal- og forvaltningskomiteen si høyring knytt til Meld. St. 22 (2015-16). Innleiinga understreka målsetjinga om at regionreforma må vere ei demokrati- og desentraliseringsreform. Eit viktig prinsipp er å flytte makt og ansvar til regionane, som vert handlekraftige og sjølvstendige i høve samfunnsutviklinga.

Fylkesordførarane stilte også med ei felles innleiing i møte med kommunal- og moderniseringsministeren 07.09.16. Her bad fylkesordførarane om tydelege avklaringar knytt til m.a. følgjande punkt:

- a) Framtidige oppgåver med utgangspunkt i forventningsbrevet av 15.03.16
- b) Ekspertutvalet i 2017 – oppstart, innstilling og forventa handsaming
- c) Generalistprinsippet – fast eller opning for oppgåvedifferensiering?
- d) Vestlandsregionen – for stor i det nye forvaltningslandskapet (jf. kommunestruktur)?
- e) Fordeling av statlege arbeidsplassar – strategi, plan og tidsløp
- f) Fylkesmannsstrukturen – tidspunkt, oppgåver, grenser, hovudlokalisering
- g) Valordning, økonomi og organisering – kor stor fridom har vi?

Intensjonsplanen – planlegging og forhandlingstema

Forhandlingsutvala frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane møttest første gongen 27.05.16 for å drøfte felles målsettingar med å etablere ein ny folkevald region på Vestlandet, og for å fastsette sentrale forhandlingstema. M.a. med bakgrunn i felles konklusjonar i dette møtet, la fylkesrådmannen i juni fram FT-sak 24/16 «Framtidig Vestlandsregion – status organisering og framdrift». Fylkestinget understreka her at dersom Møre og Romsdal ønskjer å ta del i forhandlingane, ser Sogn og Fjordane positivt på det.

Fylkestinget slutta seg til forhandlingspunktene i intensjonsplanen, og føresette at planen vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2016.

Inndelingslova stiller ikkje krav om at kommunar eller fylkeskommunar som førebur samanslåing må utarbeide ein intensjonsplan. Det har likevel utvikla seg til ein fast praksis å starte slike prosessar med å forhandle fram ein felles plan. Vedtaka knytt til regionreforma i dei tre fylkeskommunane har så langt peika fram mot at ein intensjonsplan skal danne grunnlaget for a) ei offentleg høyring, b) eit eventuelt samanslåingsvedtak og c) ein eventuell fellessøknad til Stortinget om samanslåing.

Intensjonsplanarbeidet har handla om å finne forslag til løysingar på avklarande og utfordrande spørsmål knytt til etablering av ein Vestlandsregion. Planprosessen dannar såleis eit viktig kunnskaps- og debattgrunnlag for vidare arbeid, i tillegg til å gjere fakta og sentrale problemstillingar kjende før ei offentleg høyring.

Det vart 27.05.16 lagt opp til følgjande overordna framdriftsplan for forhandlingane om samanslåing og vegen vidare fram til endeleg vedtak:

- Fellesmøte politiske styringsgrupper – 23.08.16
- Temainndelte forhandlingar om intensjonsplanen – veke 33, 35 og 37
- Fylkestinga i oktober sender intensjonsplan på høyring
- Informasjon, høyringsmøte og offentleg høyringsfase – oktober og november
- Fylkestinga handsamar i desember sak om søknad for etablering av ein Vestlandsregion.

Mål og formelle avklaringar

Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vart 15.09.16 samde om ein intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion. Det overordna målet i intensjonsplanen er at Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. I tillegg er det semje om seks hovudmål som grunnlag for Vestlandsregionen:

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet
3. Høg kvalitet i tenestene
4. Strategisk infrastrukturbygging
5. Kultur og identitetsbygging
6. Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Intensjonsplanen legg fast ei rekke sentrale punkt som handlar om førebuing, utforming og organisering av ein framtidig Vestlandsregion:

- a) I arbeidet med førebuing og innføring av Vestlandsregionen vert det for perioden 2017-20 oppnemnd ei fellesnemnd som går ut frå dei tre fylkestinga i samsvar med ordningane i Inndelingslova. Nemnda vert samansett av 30 medlemer frå fylkestinget i Sogn og Fjordane (7), Hordaland (12) og Rogaland (11). Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda vert fastsett i reglement vedteke i fylkestinga.
- b) Under fellesnemnda skal det setjast ned eit arbeidsutval med 11 medlemer, der Sogn og Fjordane får 3 representantar, Hordaland 4 representantar og Rogaland 4 representantar.
- c) Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som skal vere eit samlande symbol.
- d) Regiontinget får 71 representantar.
- e) Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at det er gjort nødvendige grunnlovsendingar knytt til valordninga. Dersom Stortinget vedtek ein lovpropositjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.
- f) Formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.
- g) Bergen vert administrasjonscenter med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

- h) Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.
- i) Regionutvalet sine møte vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutvala for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger. Møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

Politisk og administrativ leiingsdeling

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval: samferdsle, næring, opplæring og kultur og idrett. Regionutvalet og administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av Vestlandsregionen. Dette omfattar eit overordna ansvar for regional planlegging, økonomisk planlegging, klima, miljø og folkehelse. Hovudutvalsstrukturen danner utgangspunktet for administrativ organisering (leiingsdeling).

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ leiing (geografisk plassering)</u>
▪ Næring	▪ Rogaland
▪ Opplæring	▪ Rogaland
▪ Samferdsle	▪ Rogaland: Kollektivtransport
▪ Kultur og idrett	▪ Sogn og Fjordane: Veg ▪ Sogn og Fjordane: Kultur ▪ Rogaland: Idrett

Fylkesrådmannen vil understreke at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Tilsette skal kunne halde fram med å arbeide innanfor dei ulike sektorane sjølv om dei ikkje bur og arbeider der den administrative fagleiringa har hovudsete. Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk organisering innanfor desse rammene. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og samtlege nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast.

Prinsipp for framtidig tenesteyting

Vestlandsregionen skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur. Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på Vestlandet gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting. Befolkningsutviklinga legg premissar for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette i regionreforma

Vestlandsregionen vil vere ein stor offentleg organisasjon med langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med. Eit viktig mål er likevel å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Arbeidsmiljølova kap. 16-4 regulerer dei tilsette sine rettar ved verksemどsoverdragning. Her heiter det at overdraging av verksemど til annan arbeidsgjevar i seg sjølv ikkje er grunn for oppseiling eller avskjed frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal difor kunne seiast opp som direkte følgje av samanslåinga.

Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med. Medarbeidrarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter samtalar og drøftingar i samsvar med lov- og avtaleverk. Vernet mot oppseiing av medarbeidrarar som eventuelt blir overtalige som direkte følgje av samanslåinga, skal vare i fem år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei mulegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for overgangsordningar skal også ha fem års varigheit frå samanslåingsdato.

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Samanslåinga skal ikkje svekke arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen.

Økonomi

Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, blir fylket gitt høve til å byggje opp investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr. Fellesnemnda skal utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget forvaltar fondet, men kan ev. delegera oppgåva til eit fondsstyre.

Intensjonsplanen sine vilkår for Vestlandsregionen

Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland slutta seg 15.09.16 til intensjonsplanen, men valde å tydeleggjere følgjande fem vilkår for å etablere ein Vestlandsregion:

- Viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane har i dag.
- Ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis ligge til regionnivået.
- Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen, og at fylka i denne prosessen ikkje vert delte.
- Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokaliser i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

4. Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding

Stortinget sine føringer for den forvaltningspolitiske diskusjonen

Fylkesrådmannen legg til grunn at eit stortingsfleirtal ønskjer at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Stortinget slo i behandlinga av Meld. St. 22 (2015-16) i tillegg fast at ei styrka samfunnsutviklarrolle krev

større regionar. Stortinget slutta seg difor til at landet bør delast inn i om lag ti nye folkevalde regionar frå 01.01.20. Større regionar vil kunne leggje til rette for breie fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ti regionar vil også kunne styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar. Med dette bakteppet meiner fylkesrådmannen det er rett at fylkestinget i Sogn og Fjordane tek initiativ og ei aktiv rolle for å styre prosessen fram mot ei regionreform og ei ny folkevald regioninndeling.

Demokrati og desentralisering

Fylkesrådmannen meiner at regionreforma må vere ei demokrati- og desentraliseringsreform. Eit viktig prinsipp er at ein flyttar makt og ansvar til større regionar, som gjennom dette vert meir handlekraftige og sjølvstendige i høve samfunnsutviklinga. Målet er eit lokal- og regionaldemokrati som kan ivareta velferd og sikre utvikling, verdiskapning og trivsel for heile regionen basert på lokal og regional kunnskap.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar legg vidare generalistprinsippet til grunn som eit utgangspunkt for regionreforma. Alle fylkeskommunar/regionar bør i utgangspunktet, uavhengig av innbyggartal, busetnadsstruktur og demografi, imøtekome same krav til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, rolla som myndighetsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar.

Fylkesrådmannen meiner likevel Stortinget bør kunne vurdere ei viss oppgåvedifferensiering, gjerne som forsøksordningar, dersom storleiken på dei nye regionane vert svært ulik frå 01.01.20.

Fylkesrådmannen er samd med fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som overfor kommunal- og moderniseringsministeren har halde fram at dei sentrale funksjonane for nye folkevalde regionar er tenesteytar, forvalningsorgan, regional utviklingsaktør og direkte folkevalt organ. I dette biletet bør dagens kjerneoppgåver førast vidare med den demokratiske meirverdien eit direkte folkevalt regionalt organ tilfører desse. Fylkesrådmannen meiner særleg vidaregåande opplæring og samferdsle utgjer to omfattande samfunnsoppgåver som begge er for krevjande for store kommunar. Oppgåvene krev ei spesialisert regional koordinering og leiing, og vil samstundes vere for detaljerte og arbeidskrevjande å styre direkte frå statleg nivå.

I Noreg er det behov for eit sterkt regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning. Det regionale nivået bør difor få eit klart definert ansvar for oppgåver og sektorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd. Dette vil kunne vere:

- Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
- Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
- Regionale miljøvern- og landbruksforvalningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
- Kjøp av regionale jernbanetenester
- Deler av Noregs forskingsråd sine programområde
- Konsesjons- og rettleatingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvalting
- Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
- I tillegg kan dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
- Ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør greiast ut.

Det tener den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som vert etablert. Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Den skisserte politiske og administrative organiseringa skal ivareta både strategiske og operative funksjonar. Fylkesrådmannen vil understreke at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Tilsette skal kunne halde fram med å arbeide innanfor dei ulike sektorane sjølv om dei ikkje bur og arbeider der den administrative fagleiinga har sitt hovudsete. Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk organisering innanfor desse rammene.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å legge intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentleg høyring i perioden 26.10.–23.11.16. Høyringsinstansane bør omfatte statlege, regionale statlege og kommunale styresmakter samt andre offentlege organ, private organisasjoner og institusjonar.

Fylkestinget bør legge til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, og gjennom dette høyringsvedtaket signaliserer at prosessen for å realisere Vestlandsregionen held fram, rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet får fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere mulege nye regionløysingar.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune med andre fylkeskommunar.

I samband med høyringa av intensjonsplanen i perioden 26.10.–23.11.16 meiner fylkesrådmannen det vil vere nyttig bakgrunnsinformasjon å legge fram eit felles utgreiingsarbeid som fylkesrådmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har utarbeidd som grunnlag for intensjonsplanforhandlingane. Dette er utgreiinger som utdjupar mulegheiter og konsekvensar innanfor m.a. følgjande tema:

- a) Styreform, valordning og politisk representasjon.
- b) Politisk og administrativ organisering og styring.
- c) Fakta om fylka og fylkeskommunane – samfunnsdata og nøkkeltal.

Denne plattforma vil, saman med lokale høyringsmøte i samarbeid med KS, fylle eit informasjonsbehov for høyringsinstansane som skal gje fråsegn til intensjonsplanen.